

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Uvdal

Emne: Beit og Brom

Bygdelag: Kyrkjebygda

Oppskr. av: Anna Samuelson

Gard: Grørjorden

(adresse): Uvdal

G.nr. 61 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Gunhild Amundsen (72 aar) fhv. budeie.

1. SVAR

Baade Beit og brom har vore nytta her i bygda og brukas framleis. Beit og Brom er det brukelege navnet. Det er helst bjørk som vert nytta.

2.

Aa hente slikt kalle dei for "o rise". Dei bruke almindeleg laangslee, men dei kalle han for beiteslee.

3. Beit vert henta baade vinter og vaar

Dei bruka tit aa kjøire heim heile bjørkan med rise paa. Igamal tid reiste dei beitelane upp, ell' laa dei utaaver tune, so løiste dei kryture ut or fjøse om det var all-drig so kalt, so aat klyran beite utpaa tune mens dei let godt att fjøsdøran og pussa fjøset til dei kom inn att. Det ~~slutt~~ slutt paa det-for mest loo aar sea no. Men beit bruke dei endaa, men no hogge dei kvistan av og kaste dei inn i baasan til dyran.

Brom vart henta om vaaren, det er ca 3 viku seinare vaar her ell' neaaver.

4.

Dei hadde med seg øks og lauvkniv naar dei skulde hente beit og brom, hvis dei ikkje kjøirde trea heim med det same, saa hadde dei berrbruk for øks i skogen.

5.

Alleslags husdyr-soner som hesten-et beit og brom. Dei bite sjøl av kvistan og gnager det dei vil ha.

6.

No etter dei har slutta aa sleppe ut krøtera har dei ikkje so mykje bruka detta, so dei har ikkje lenger nokon sers stae til slikt, dei hente det mest i mindre ~~vendu~~ ~~vendu~~ og kaste det inn til dyra med det samre . Anslein er det med det me kaller hakkelauring om sumaren, men men det kjem vel spurlag om ein ~~aan~~ gong? Lauving og risping er noko for seg sjøl , det er eit viktug hjølpefor.

7.

Det ~~har~~ nok her og vore den skikken, at dei langfredag paa fastande hjatta skulde hente ei bør med beit - og brom hvis paaske kom so seint at det hadde vorte noko Kvistan skulde brytast av , ikke hoggast. Den skikken vart det slutt paa kring 1850. Baade kara og kvinfolk maatte vera med paa det. Mor hena Gunhild som har fortalt detta var fødd 1832, ho tente paa Trondrud i Nore dentid ho var omlag 17 aar . Mann paa garden bygde eit hus dentide, Jøran- heite ho- skulde istellafor beit hente ein sekk med husmose for mannen, men jenta var so vane med aa hente brødmose at ho meinte det var det ho skulde hente , men daa ho kom att med brømosen sa mann at den kunne ho gje mor si, ogso fek det vera med husmosen til aaver helga.

XXXXXXX

Bøigiggar av orda: Ei beitelaa, beitelaae , beitelaaan. beitelaae horulla aaverende, alle dessa beitelaaan

Bjerkje ho, ~~lave~~ ~~taa~~ ~~brom~~ ~~no~~, vinterveen han, bjørkekvisten ~~han~~ han, bjørkekvistan dei, Beite ho æ go te mjølkefor, bromen han æ bra den mæ. Lauvkniven han. sigden han. Lauvknivan de sigdan dei, sjyru ho sjyrun dei æ gvasse. Sauen, sauin, sauen han, gjeite ho, stuten han, kjyre ho, køllen han, beitestain han. lyu ho. fjøse dæ, eit fjøs fjøshuso laavin han uthuso dei. Her ha de eit utval av prate kann ()vort), kvifor me snakke slik sjyna eg ikkje . Sjyne de det?

3530